



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 05.11.2009  
**Møtetid:** 14:00 - 18.00  
**Møtestad:** Nordbygda skule

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

| <b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>   | <b>I staden møtte:</b>   |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Kristian Jørgensen, Krf.</li><li>• Jens Harald Abotnes, Krf</li><li>• Jon Magne Bogevik, Frp</li><li>• Marion Langhelle Pedersen, Frp</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Sven Tore Kulleseid, Krf</li><li>• Ove Åsebø, Krf</li><li>• Tyra Pedersen, Frp</li><li>• Bodil Kleivane, Frp</li></ul> |

### **Andre som var til stades på møtet:**

- Rådmann Tone Ramsli under heile møtet
- Assisterande rådmann Hilde Lill Våge under heile møtet
- Politisk sekretær Magda Haugen under heile møtet
- Økonomisjef Nina Erdal under orientering om budsjettkontroll
- Pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland under sak 48/09

### **Merknader:**

### **Orienteringar/meldingar:**

- Økonomisjef Nina Erdal orienterte om budsjettkontroll.
- Ordføraren orienterte om løyving av midlar til tettstadutvikling på Ytre Tysse
- Ordføraren orienterte om at Tysse-tunnelen ligg inne i Fylkesutvalet sitt budsjetterte forslag. Kommunestyrepolitkarane vart bedne om å framleis engasjera seg i dei ulike partiorgana.
- Ordføraren orienterte om at fartsmålar og teljar vert plassert på Ytre Tysse i 1-2 veker. Eventuelle tiltak vert valde etter at målingane er gjennomførte.
- Ordføraren orienterte om at den såkalla "Anno"-tunnelen på Gjerde er lagt inn i planar for utbetring. Truleg vil utbetringa skje i 2010.

|                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| <b>Dokument utlevert i møtet:</b> | <ul style="list-style-type: none"><li>○ Notat frå Eining for kultur om elevbetaling i kulturskulen</li></ul> |
|-----------------------------------|--|

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17.11.2009

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet |          |   |         |
|-------------------------------|----------|---|---------|
| Sak nr.                       | Arkivsak | Sakstittel  | Merknad |
| 047/09                        | 09/595   | Faste saker   |         |
| 048/09                        | 09/33    | Skulebruksplan for Samnanger 2009 - 2020                            |         |
| 049/09                        | 09/562   | Kommunale avgifter og gebyr 2010                                    |         |
| 050/09                        | 09/165   | AUKE I RENOVASJONGEBYRET FOR 2010                                   |         |
| 051/09                        | 09/593   | Revisjonsavtale for ny avtaleperiode - fullmakt til kontrollutvalet |         |

| Oversikt faste saker  |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul> |

**Saknr. 047/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent slik den låg føre
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

05.11.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent slik den låg føre
- Protokollen frå førre møte: Sture Tveit H viste til at då protokollen vart sendt ut til medlemmane i Kommunestyret var denne berre underteikna av to medlemmer. Ordføraren orienterte om at alle tre som var valde til underteikning av protokollen, hadde godkjent denne. Det let seg ikkje fysisk gjennomføra at den tredje personen underteikna protokollen før utsending. Dette vart gjort etter at protokollen var sendt ut.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll: Sture Tveit H., Sven Tore Kulleseid Krf, Marit A. Aase Krf.
- Utvalet sitt kvarter:
  - Gunnar Bruvik Frp spurde om framdrift på utvikling / utbygging av Samnangerheimen / eldreomsorg.
    - Ordføraren orienterte om saka.
  - Sture Tveit H spurde om framdrift av utbygging av breiband på Tveit.
    - Ordføraren orienterte om saka.

**KS-047/09 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent slik den låg føre
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**Saknr. 048/09**

**SKULEBRUKSPLAN FOR SAMNANGER 2009 - 2020**

01.11.2009 Personal- og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: **Ordførar Marit A Aase** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Føringane i framlegg til skulebruksplan for Samnanger kommune 2009 – 2020 kva gjeld kvalitet og arealnormer vert gjeldande for Samnanger kommune.

Det skal arbeidast vidare for ei endring i skulestrukturen i kommunen som føreset å samla elevane på kvart årssteg.

Desse alternativa for **langsiktig løysing** skal utgreiast vidare:

- 1. – 10. trinn i ny skule i kombinasjon med hall i området Haukaneset.

- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn i ny skule på strekningen Haukaneset – Reistad i kombinasjon med hall.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule i kombinasjon med hall ved Nordbygda grendahus.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule.

Det inneber at spørsmålet om plassering av symjebasseng må vurderast.

Med bakgrunn i sentrale vedtak om nytt tilbod om 8 t leksehjelp pr. veke til elevane i 1. – 4. trinn (oktober 2009) må ei evt. deling av barnetrinnet skje mellom 4. og 5. trinnet.

Ut frå innspel i høyringsrunden om å samla 1.-7. trinn på Gjerde vert det først teke stilling til val av kortsiktig løysing når investeringskostnadane med dette alternativet er kostnadsrekna. Fylgjande alternativ er aktuelle som kortsiktig løysing:

- Elevane i 1. – 4. trinn samla på Gjerde, 5. – 7. trinn på Nordbygda og 8.- 10. trinn på ungdomsskulen.
- Elevane i 1. – 7. trinn på Gjerde og ungdomssteget på Tysse.

Som del av det vidare arbeidet for å få kostnadrekna nybygg/tilbygg, må det takast takst på dei tre skulane.

Representantar for dei tilsette ved verneombod og tillitsvalde skal vera aktiv med i arbeidet med å legge til rette for den kortsiktige løysinga når kommunestyret har fatta vedtak om dette. Jmf. vedtak i administrasjonsutvalet sak 08/09 og arbeidsmiljøutvalet sak 09/09.

05.11.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

På spørsmål frå salen orienterte rådmannen munnleg om kva innsparingar ein såg føre seg med endra skulestruktur. Denne informasjonen vil verta sendt med som vedlegg til protokollen.

**Krf v / Sigmund Dyrhovden** kom med følgjande tilleggsframlegg:

Desse alternativa for langsiktig løysing skal utgreiast vidare (tillegg til PØ sitt framlegg)

- Elevane i 1-7 trinn på Gjerde og ungdomstrinnet på Tysse.
- Elevane i 1-7 trinn på Gjerde og ungdomstrinnet i Nordbygda.

Sigmund Dyrhovden Krf ba om gruppemøte.

Etter gruppemøte vart det røysta slik: PØ sitt framlegg sett opp mot PØ sitt framlegg med tillegg av Sigmund Dyrhovden sitt framlegg.

PØ sitt framlegg med tillegg av Sigmund Dyrhovden sitt framlegg fekk 18 røyster. 3 røysta for PØ sitt framlegg slik det låg føre i tilrådinga.

**KS-048/09 Vedtak:**

Føringane i framlegg til skulebruksplan for Samnanger kommune 2009 – 2020 kva gjeld kvalitet og arealnormer vert gjeldande for Samnanger kommune.

Det skal arbeidast vidare for ei endring i skulestrukturen i kommunen som føreset å samla elevane på kvart årssteg.

Desse alternativa for **langsiktig løysing** skal utgreiast vidare:

- 1. – 10. trinn i ny skule i kombinasjon med hall i området Haukaneset.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn i ny skule på strekningen Haukaneset – Reistad i kombinasjon med hall.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule i kombinasjon med hall ved Nordbygda grendahus.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule.

Det inneber at spørsmålet om plassering av symjebasseng må vurderast.

Med bakgrunn i sentrale vedtak om nytt tilbod om 8 t leksehjelp pr. veke til elevane i 1. – 4. trinn (oktober 2009) må ei evt. deling av barnetrinnet skje mellom 4. og 5. trinnet.

Ut frå innspel i høyringsrunden om å samla 1.-7. trinn på Gjerde vert det først teke stilling til val av kortsiktig løysing når investeringskostnadane med dette alternativet er kostnadsrekna. Fylgjande alternativ er aktuelle som kortsiktig løysing:

- Elevane i 1. – 4. trinn samla på Gjerde, 5. – 7. trinn på Nordbygda og 8.- 10. trinn på ungdomsskulen.
- Elevane i 1. – 7. trinn på Gjerde og ungdomssteget på Tysse.

Som del av det vidare arbeidet for å få kostnadrekna nybygg/tilbygg, må det takast takst på dei tre skulane.

Representantar for dei tilsette ved verneombod og tillitsvalde skal vera aktiv med i arbeidet med å legge til rette for den kortsiktige løysinga når kommunestyret har fatta vedtak om dette. Jmf. vedtak i administrasjonsutvalet sak 08/09 og arbeidsmiljøutvalet sak 09/09.

Desse alternativa for langsiktig løysing skal utgreiast vidare (tillegg til PØ sitt framlegg)

- Elevane i 1-7 trinn på Gjerde og ungdomstrinnet på Tysse.
- Elevane i 1-7 trinn på Gjerde og ungdomstrinnet i Nordbygda.

## **Saknr. 049/09**

### **KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2010**

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet:

Det vart sett fram slikt framlegg:

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca. 3,5 % i høve til i 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra og årsavgifta vatn som vert auka med 6 %. Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

**Marit A Aase** fremja framlegg om at vassavgifta skulle aukast med same satsen som dei andre avgiftene.

Framlegget vart vedteke samrøystes med unnatak av pkt. om vassavgifta der ein røysta for framlegget frå Aase.

**PØ-056/09 Vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca. 3,5 % i høve til i 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra og årsavgifta vatn som vert auka med 6 %. Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

05.11.2009 Kommunestyret  
Handsaming i møtet:

**Rådmannen** viste til utsendt skriv med tilråding frå kyrkjestyre av 14.10.2009 om festeavgifta. PØ tilrår dei same satsane. Det vart og vist til utlevert notat frå Eining for kultur der det er foreslått omlegging av betalingssystemet for elevpengar i kulturskulen. Dette inneber reduksjon for dei som i dag betalar høgast sats og ein større auke for dei som betalar lågare sats. PØ har tilrådd denne omlegginga.

**Sture Tveit H** sette fram fylgjande oversendingsskriv:

Det vert straks sett i gang eit arbeid med å kartleggja kor mange husstandar som kan knytast til kommunale vatn- og kloakkleidningar og som enno ikkje er tilknytta.

Resultatet av dette arbeidet vert lagt fram for kommunestyret innan sommaren 2010.

Kommunestyret tek så stilling til vidare framdrift / arbeid i saka.

Det vart ikkje røysta over dette over dette framlegget.

**Inge Aasgård, Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak.

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca 3,5% i høve til 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra. Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

Det vart stemt slik:

PØ sitt framlegg sett opp mot PØ sitt framlegg med tillegg av framlegg frå Inge Aasgård.

PØ sitt framlegg vedteke mot 9 røyster.

---

**KS-049/09 Vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca. 3,5 % i høve til i 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra og årsavgifta vatn som vert auka med 6 %. Festeavgifta vert i samsvar med skriv frå kyrkjestyre av 14.10.2009 og elevpengane i kulturskulen i tråd med skriv frå kultureininga.

Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

**Saknr. 050/09**  
**AUKE I RENOVASJONGEBYRET FOR 2010**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 blir avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2010 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2010.

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.v. § 11.

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtar å auke renovasjonsgebyret med 4,2 prosent. Alle prisar er eks. mva.

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**PØ-055/09 Vedtak:**

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 blir avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2010 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2010.

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.v. § 11.

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtar å auka renovasjonsgebyret med 4,2 prosent. Alle prisar er eks. mva.

05.11.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Framlegg frå PØ vart Samrøystes vedteke.

**KS-050/09 Vedtak:**

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 blir avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2010 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2010.

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.v. § 11.



Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhører Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtar å auka renovasjonsgebyret med 4,2 prosent. Alle prisar er eks. mva.

### **Saknr. 051/09**

## **REVISJONSAVTALE FOR NY AVTALEPERIODE - FULLMAKT TIL KONTROLLUTVALET**

### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2010. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

05.11.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Framlegg frå PØ vart Samrøystes vedteke

### **KS-051/09 Vedtak:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2010. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- d. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.
- e. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- f. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

